
Saksnr: 2020/55916-1
Saksbehandlar: Sissel Lillebø Aarseth

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		25.11.2020
Fylkesutvalet		26.11.2020
Fylkestinget		15.12.2020

Handlingsplan 2021 - kultur, idrett og inkludering

Forslag til innstilling:

1. Handlingsplan 2021 - kultur, idrett og inkludering vert vedteken slik den ligg føre.
2. Tiltaka i Handlingsplan 2021 vert dekkja innanfor sektoren sitt budsjett for 2021.

Samandrag

Dei to regionale kulturplanane i Hordaland og Sogn og Fjordane gjeld i dei to geografiske områda til ein ny plan er utarbeidd. Ein regional plan for kultur i Vestland vert truleg gjeldande frå 2023. Fram til da vert satsingane i eksisterande planverk sameina i årlege handlingsplanar som set retning for fylkeskommunen sitt arbeid.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Dei to regionale kulturplanane i Hordaland og Sogn og Fjordane gjeld i dei to geografiske områda til ein ny plan er utarbeidd. Dette gjeld:

- Premiss kultur, regional kulturplan for Hordaland, 2015 - 2025
- Kultur for alle, regional plan for kultur i Sogn og Fjordane, 2019 - 2027

Det er no vedteke at det skal utarbeidast ein regional plan for kultur, idrett og friluftsliv med oppstart i 2021. Fylkesrådmannen reknar med at planprosessen vil gå over to år, slik at planen vert gjeldande frå 2023. Samtidig med vedtak av regional plan skal den som har planmynde vedta eit handlingsprogram som er 4-årig jf. plan og bygningslova §8.1. Ein skal årleg vurdere behovet for rullering, t.d. kan ein utarbeide ein 1-årig handlingsplan som følgjer årsbudsjettet.

Handlingsprogram og handlingsplanar sikrar gjennomføring av regionale planar. Det er viktig å forankre handlingsprogram i den regionale partnerskapen, mens den operative gjennomføringa skjer i kvar verksemd sin årlege handlingsplan.

I påvente av ein ny regional plan for heile Vestland rår fylkesrådmannen til at ein arbeider ut årlege handlingsplanar basert på vedtekne regionale planar og handlingsprogram i dei to tidlegare fylka.

Desse premissane ligg til grunn for handlingsplan 2021:

- gjeld fylkeskommunen sin innsats i 2021.
- bygger på vedtatte handlingsprogram i tidlegare Sogn og Fjordane og Hordaland.
- tek inn over seg mål og strategiar som ligg i utviklingsplanen for Vestland, vedteke 29.09.20.
- avstemmer handlingsplan 2021 med budsjett 2021.
- vedteken temaplan for *Anleggspolitikk og kriterium for tildeling av spelemidlar 2020-2024* er innarbeidd i handlingsplanen.
- ambisjon å vise på-tvers-satsingar internt i avdelinga og mellom avdelingar.

Handlingsplanen er utforma på same måte som Utviklingsplan for Vestland i den forstand at den viser breie, heilskapelege og tverrfaglege tema som den regionale dialogen, deltaking og møteplassar, demokrati og medverknad, inkludering og integrering, verdiskaping, samt klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

Nasjonale mål for kulturfeltet ligg som premiss for arbeidet.

Strukturen er delt inn i 4 nivå:

Den første er satsingar, desse er: kultur som samfunnsutviklar, kultur for alle, nynorsk, kulturell infrastruktur, produksjon, formidling og deltaking i kultur samt kultur og naturarven.

Satsingane vert delt inn i innsatsområde, som igjen har definerte mål og tiltak.

Utviklingsplanen sitt mål om Vestland som leiande kultureregion er bakt inn. Det er også lagt inn koplingar til utviklingsplanen sine mål.

Vedtakskompetanse

KULII, jf. delegeringsreglement pkt. 4 gir tilråding om revidert handlingsprogram innan eige område.

Fylkestinget jf. delegeringsreglement pkt. 2.2.1 vedtek handlingsprogram for regionale planar og jf. pkt. 2.1.2 utarbeider og vedtek handlingsplan/langtidsplan/retningslinjer

Vurderingar og verknader

Økonomi: Handlingsplan 2021 vert dekkja innanfor sektoren sitt budsjett for 2021.

Klima: Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling er tatt med og vert arbeidd inn i all verksemd.

Folkehelse: Kunst og kulturaktivitet, idrett og friluftsliv er viktige tiltak for folkehelse, både fysisk og psykisk.

Regional planstrategi: Utviklingsplanen sine mål ligg til grunn for prioriteringane i handlingsplan 2021.

Konklusjon

Handlingsplan 2021 - kultur, idrett og inkludering sameinar satsingane i eksisterande planar og set retning for fylkeskommunen sitt arbeid i 2021.